

55/00 RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

Sakshandsamar: Kultursekretær Rune Rydland

Avgjerdsorgan: Radøy formannskap

Det vert lagt fram følgjande framlegg til retningsliner for tildeling av kulturmidlar m.v. i Radøy kommune:

A. Kulturmidlar til lag og organisasjonar

1. Alle lag og organisasjonar i Radøy kan søkja om kulturmidlar til drift av laget/organisasjonen. Lag i regionen som har ein del medlemmer/har aktivitet i Radøy kan og søkja om kulturmidlar.
2. Kulturmidlane vert grovfordelt etter følgjande delingsnøkkel:
Kr 10 000 til funksjonshemma. Resten av midlane: 45 % til idrett, 35 % til song og musikk, 20 % til andre lag og organisasjonar.
3. Radøy Idrettsråd gjev uttale vedk. fordeling av midlane til idrett, medan Radøy song- og musikkråd gjev uttale vedk. fordeling av midlar til song og musikk. Det vert sett frist for å koma med uttale.
4. Kriterier som skal vektleggjast ved tildeling:
 - Medlemstal under 18 år
 - Allsidig aktivitet
 - Tilrettelegging for funksjonshemma
 - Aktivitetsnivå innanfor aldersbestemte grupper
 - Kvalitet på aktivitetane
 - Medlemskontigent
5. Det må liggja føre revidert og godkjent rekneskap før kulturmidlar kan utbetalast.

- Der som det skal

B. Tilskot til barne og ungdomsarbeid

1. Slike tilskot kan nyttast til opplysningsarbeid, konsertar, teater, ungdomsklubb, stemne for born/ungdom, ungdomens kulturmonstring, kunst, rusfrie tilskipingar o.l.
2. Det kan gjevast tilskot til ovannemnde tiltak med inntil kr 5.000,- Formannskapet har høve til å gje større tilskot.
3. Det skal leggjast særleg vekt på tiltak som har langsiktig positiv verknad i miljø.

I. Iverksetjing

1. Retningslinene vart vedtekne i formannskapsmøte 15. juni 2000, sak 55/00, og vert gjort gjeldande frå 1. juli 2000
2. Orientering om vedtaket vert sendt alle registrerte lag/organisasjonar i Radøy kommune.
Vedtaket vert også gjort kjent i Radøy-Nytt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner ovannemnde retningslinjer for tildeling av kulturmidlar m.v. i Radøy kommune og delegering av fullmakter til rådmannen i samsvar med desse.

Vedtaket:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

56/00 ØKONOMIPLAN 2001 – 2004 FOR RADØY KOMMUNE BUDSJETTTRAMMER FOR 2001

Sakshandsamar: Asbjørn Brandtun
Avgjerdsorgan: Kommunestyret
Saksdokument: Framlegg til budsjetttrammer for 2001

Etter § 44 i kommunelova skal kommunestyret ein gong i året vedta ein rullerande økonomi-plan. Planen skal omfatta minst dei fire neste budsjettår og gje eit realistisk oversyn over:

- sannsynlege inntekter
- forventa utgifter
- prioriterte oppgåver i perioden

Formålet med økonomiplanen er at den skal vera ein reiskap til hjelp for kommunen til:

- å få oversyn over den økonomiske handlefridomen, og
- å føreta prioriteringar av ressursbruken på ulike føremål innafor kommunelova sine krav til økonomisk balanse.

Grunnlaget for denne økonomiplanen er økonomiplanen 2000 – 2003 vedtatt i kommune-styret 01.07.99 og budsjettet for 2000, vedtatt i kommunestyret 02.12.99. Eit anna viktig grunnlag er kommuneplanen for 1998 – 2009, vedtatt i kommunestyret 07.10.99. Kommunestyret sine drøftingar om dei viktigaste utfordringane i kommuneplanen kan oppsummerast slik:

- Styrkja busetnaden ved tilrettelegging av bustadfelt og spredt bygging ute i bygdene
- Vidareutvikla næringslivet herunder landbruket
- Tryggleik og omsorg for dei eldre
- Gode vekstvilkår for born og ungdom

4. Det skal føreliggja søknad m/budsjett for tiltaket. Søknad om tilskot til ulike føremål skal i regelen liggja føre før tiltaket er iverksett.
5. Andre søknader som ikkje kjem inn under kategoriane i punkt B 1, skal leggjast fram for formannskapet.

C. Underskotsgarantiar

1. Lag og organisasjonar kan søkja om underskotsgaranti for arrangement med innleidde underhaldningskrefter.
2. Etter søknad kan det gjevast stønad til dekking av underskot med inntil kr 2.000,- Eventuell utbetaling vert gjort når rekneskap ligg føre.
3. Det kan ikkje gjevast meir enn 2 underskotsgarantiar pr. lag pr år.
4. Utover dette må søknadane leggjast fram for formannskapet.

D. Leiaropplæring

1. Det vert gjeve tilskot til leiaropplæring etter søknad på fastlagt skjema.
2. Det må koma klart fram av det aktuelle kursprogram at det er eit leiarkurs.
3. Kursavgifta kan dekkast fullt ut.
4. Reiseutgifter kan dekkast etter rimelegaste reisemåte med offentleg transport.
5. Dersom det kjem inn mange søknader i høve til budsjettmidlar, vert leiarkurs som tek sikte på aktivitetar for barn og unge prioritert.
6. Det kan og gjevast tilskot til dommarkurs.

E. Kulturstyret sine tiltak

1. Dette er midlar som vert nytta til mange ulike tiltak, slik som kulturminnevern, kunst, utstillingar, teater, særskild tilskot til dyktige utøvarar, særskilde prosjekt, konsertar o.l.
2. Det kan gjevast tilskot til ovannemnde tiltak med inntil kr 5.000,- Formannskapet har høve til å gje større tilskot.
3. Det skal føreliggja søknad m/budsjett for tiltaket. Søknad om tilskot til ulike føremål skal i regelen liggja føre før tiltaket er iverksett.
4. Andre søknader som ikkje kjem inn under kategoriane i punkt E 1, skal leggjast fram for formannskapet.

F. Kulturprisen

Vert lagt fram for formannskapet

G. Kunngjering/søknadsfristar

Kunngjering av dei ymse midlane skal gjerast med brev til alle registrerte lag og i Radøy-Nytt. Utlysingsdato:

• Kulturmidlar:	1. september
• Leiaropplæring:	1. november
• Kulturstyret sine tiltak:	Heile året
• Tilskot til barne og ungdomsarbeid:	Heile året
• Underskotsgarantiar:	Heile året

H. Administrativ fullmakt

Administrasjonen v/rådmann får fullmakt til å handsama saker under punkt A, B, C, D og E etter ovannemnde retningslinjer.